



## Referat

**Utval:** Fitjar kyrkjelege fellesråd  
**Møtestad:** Fitjar rådhus, kommunestyresalen  
**Dato:** 30. mars 2017  
**Tid:** Kl. 18.30  
**Møtenr.:** 3/2017

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802. Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Elles møter varamedlemer kun etter særskilt innkalling.

### Faste medlemmer som har møtt:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Rasmus Fitjar	Leiar
Gunvald Aarbø	Medlem
Helga Olsen Aadland	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Sigrid Marie Fangel	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav J. Oma	Sokneprest
Harald Rydland	Kyrkjeverje

### Forfall:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Terje Havro	Nestleder
Sigurd André Maraas	Kommunal representant

### Varamedlemmer som møter:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem

### Varamedlemmer som ikkje møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Aase Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Agnar Aarskog	Vara for kommunal repr.
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten



## **Sakliste:**

Saksnr.	
F-11/17	Årsmelding for 2016
F-12/17	Rekneskap for 2016
F-13/17	Godkjenning av referat
F-14/17	Meldingssaker
F-15/17	Open post

### **F-Sak 11/17: Årsmelding for 2016**

#### **Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet sluttar seg i hovudsak til årsmeldinga, men bed om at dei endringsframlegga som kom fram i møte vert lagt inn før den vert lagt ut til offentleg ettersyn.

#### **Behandling i Fellesrådet 30. mars 2017**

Fellesrådet behandla Årsmeldinga og hadde nokre kommentarar til endring.

#### **Vedtak: (samrøystes)**

Som framlegg.

### **F-Sak 12/17: Årsrekneskap for 2016**

#### **Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet sluttar seg til rekneskapet for 2016 og går inn for å dekkja underskot og manglande finansiering av investering på denne måten:

1. Underskot på kr. 406.000 vert dekkja med å overføra tilsvarende sum frå disposisjonsfondet
2. Investering i eigenkapital i KLP på kr. 9.233 vert dekkja av overføring frå disposisjonsfond
3. Investering i plan for gravplassen på kr. 4.950 vert dekkja av overføring frå Fond gravfestemidlar

Dersom det kjem fram forhold under revisjonen som gjer at rekneskapet må endrast vil fellesrådet komma tilbake til dette.

#### **Behandling i Fellesrådet 30. mars 2017**

Kyrkjeverje orienterte Fellesrådet om årsrekneskapen for 2016 og bad Fellesrådet vurdere korleis underskotet vert dekkja.

#### **Vedtak: (samrøystes)**

Som framlegg.

### **F-Sak 13/17: Godkjenning av referat**

#### **Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet godkjenner referatet frå møtet den 16. februar 2017.

#### **Behandling i Fellesrådet 30. mars 2017**



**Vedlegg: (samrøystes)**

Som framlegg.

**F-Sak 14/17: Meldingsaker**

**Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet tek meldingane til orientering

**Behandling i Fellesrådet 30. mars 2017**

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Orgel- og galleriprosjektet, status for økonomien i prosjektet  
Gjennomgang av prosjektet ved kyrkjeverje Harald Rydland. Orgelet vart dyrare grunna valutatap, men innsamlinga held fram. Ein reknar med at det vil gå greitt å samla inn heile summen.
2. Sommardrift på kyrkjegarden  
Det vert utlyst i kyrkjebladet etter sommarhjelp på kyrkjegarden frå mai til august.
3. Festeavgifter  
Etter 20 år må dei pårørande betala kr.200 pr grav pr år inntil 60 år dersom dei ynskjer å behalda grava. Nokre protesterar på at dei må betala dobbelt for ei dobbelgrav. Dette vert no undersøkt juridisk. I nokre andre kyrkjelydar har dei auka betalingsgebyret, også noko vi bør vurdere.
4. Møte med formannskapet  
Rasmus, Helga, Terje, Sigrid og Olav har vore i møte med formannskapet for å forklara kyrkja sitt budsjettproblem. Dei orienterte frå møtet.

**Vedtak:**

Som framlegg.

**F-Sak 15/17: Open post**

**Behandling i Fellesrådet 30. mars 2017**

Helga Olsen Aadland

- Informerte om at der er ein laus stein i kyrkjetrappa som må vølast.
- Orienterte om at den gode akustikken i kyrkja fungerte dårleg for korpset, difor må ein gjera noko med det neste gong dei skal spela i kyrkja.

**Signering:**

**Sekretær** .....

**Leiar** .....